


Vedlegg 5 Distrikt Skjolden

		Skildring	Status		
Reinseanlegg	Slamhandtering	Avløpsslammet blir henta av Norva24 og levert til SIMAS etter gjeldande rutinar.	God		
	Resipient	Utslepp til Lustrafjorden, registrert i Vann-nett med god økologisk og kjemisk tilstand. Det kan bli noko utviding nordover, men få større utbyggingar er planlagde. Med god vassutskifting frå Fortunselva er restkapasiteten vurdert som god.	God		
	Utløpsleidning	PE-leidning, Ø160, nyleg kontrollert av dykkarar utan påviste manglar.	God		
	Reinseprosess	Slamavskiljar på 134 m ³ , etablert i 2000, i glasfiber. Anlegget er tett og heilt, utan kjende manglar.	God		
	Reinseprosess etter nytt direktiv	Anlegget fell utanfor nytt direktiv.	Ikkje aktuelt		
	Styringssystem (SD)	Anlegget er ikkje kopla til overvakingssystem.	Dårleg		
	Overløp	Det er ikkje overløp på sjølve anlegget.	Moderat		
Transportsystem	Hovudleidningar	Hovudleidningane er i hovudsak PVC frå 1970-talet, med nokre lokale oppgraderingar i 2015 og 2021. Det er registrert få problem.	God		
	Pumpestasjonar	Anlegget har seks pumpestasjonar med ulik alder og tilstand.		Dårleg	
		Sagøy	Lite pumpehus med tidlegare overvaking (brot på signalkabel), enkel nedsenka pumpe og stabil drift. Tilkomsten er dårleg.		Moderat
		Barbro Nyhus	Ukjend alder, dobbel nedsenka pumpe og glasfibersump. Kopla til SD, med stabil drift. Noko framandvatn og utsett for sjø.		Dårleg
		Bolstad	Etablert i 1970, med fornya overbygg, glasfibersump, enkel pumpe og inga overvaking. Stabil drift, men mykje framandvatn og overløp til elv.		Svært dårleg
		Skjolden brygge	Etablert i 2004, med overbygg, dobbel pumpe og glasfibersump. Kopla til SD, med stabil drift. Sjeldan overløp, lite framandvatn og utsett for sjø.		Moderat
		Skjolden hotell	Frå 1970, med overbygg frå 2020, dobbel pumpe og SD. Stabil drift, men utfordringar med feitt og mykje framandvatn, mellom anna frå takrenner ved Fjordstova.		Dårleg
		Harald Vatne	Etablert i 1970, med fornya overbygg, dobbel pumpe og glasfibersump. Kopla til SD, med stabil drift og kategori 4-ventil. Noko framandvatn.	Moderat	
	Innsamlingsleidningar	Innsamlingsleidningane er i hovudsak frå perioden 1980–1990, med nokre oppgraderingar. Anlegget er om lag halvvegs i venta levetid.	God		
	Overløpstersklar	Det er ikkje overløp på sjølve anlegget.	Ikkje aktuelt		
Styringssystem (SD)	Dei fleste stasjonane er kopla til SD-anlegg.	God			
Framandvatn	Det går ingen sjølvfallsleidningar inn til anlegget. Framandvatn er difor vurdert for kvar pumpestasjon.	Ikkje aktuelt			
Tilknytingsgrad	Der offentleg avløpsnett er bygt ut, er tilknytingsgraden høg (90 %). Om lag 25 % av området manglar framleis offentleg nett.	Moderat			

Avløpsvatn	Energipotensiale	Mange pumpestasjonar gjer energiltak lite aktuelle. Det vesle anlegget gjer vidare vurderingar mindre relevante.	Dårleg
	Påselepp	Avløpsvatnet er i hovudsak hushaldsavløp, med noko utfordringar knytte til feitt frå næring som Fjordstova, kafé og hotell.	God
	Separering	Anlegget er godt separert.	Svært god
	Utvikling	Eksisterande anlegg har ikkje kapasitet til vidare utviding.	Dårleg



Figur 1: Illustrasjon av distrikt Skjolden